



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for februar 2010.

Årgang 45

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Oddvar Haugen  
Visepres: Vigdis Riise  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Johan Ole Brandal  
Styremedlem: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Anders Riise  
Ansv.red.: Håvard Myrene  
Referent: Kirsti H. Øvrelid

## Fødselsdagar i januar

Ågot Riise	05. februar
Jan Håvard Nytn	16. februar
Sigurd Bigset	21. januar

Frammøteprosent i januar: 72,3 %

---

---

## *Stjernehimlen.*

*Hvor langt til Gud, Millioner ei  
Af Straaler Længder kan sige Dig,  
Ja Straalens Guldving som Icars smelted',  
Før den i Himmelen Leire telted!*

*Hvor nær ved Gud? See den mørkeblaa,  
Saphirne Hvælving, som glimrer saa,  
Der lue Kloderne i det Høje,  
Kun Skabertanker i Herrens Øje!*

*Men nærmest Gud er det Hjerte dog  
Som al sin Tillid til Herren slog,  
Og længst fra ham den Mand forvist,  
Som har i Livet sin Tro forlist.*

*Jonas Lie*

---

## Måndag 1. februar 2010.

Denne dagen var det

### Arne Gunnar Aschehoug

som hadde egoforedrag.

Han fortalte at farfaren er av Aschehoug forlag-slekta, og flytta til Kirkenes som 9-åring og vaks opp der. Arvid, far til Arne Gunnar, tok handelskulen i Volda, der han møtte Jenny Hovden frå Hareid, som han gifte seg med. Arne Gunnar vart fødd i Kirkenes, men familien flytta til Hareid då han var 1 år. Dei budde første åra på morsgarden i Hovden, og det kom 2 gutar til. Faren var på fiske og på ishavet, og morfaren betydde mykje for Arne Gunnar. Fritidsinteressene var skeiser og fotball, og han vart m.a. krinsmeister med gutelaget.

Arne Gunnar tok framhaldskule og realskule etter ein sommar med ekspedisjonstur med "Signalhorn" til Svalbard. Etter realskulen jobba han 1 år hos Oddvin Bjørge med fiskeforedling, avbrote av ein tur på ishavet med "Signalhorn", og sparte pengar til reallinja på gymnas på Lillehammer. Der var han også keeper på Fremad, i 4. Divisjon.

Han avtente verneplikta i flyvåpenet, rekruttskulen på Værnes og resten i vakta på Gråkallen. Deretter vart det byggingeniørstudier ved NTH i Trondheim, med diplomoppgåve om "Akustikk og lydisolasjon".

Første jobben etter utdanninga var som kommuneingeniør i Hareid, frå 1974 til 1979. Her jobba han mykje med infrastruktur: m.a. gangveg i Hareidsdalen, hovudkloakk, Hjørungavågvegen og ny veg til Brandal. I 1979 for han med familien til Kirkenes, der han hadde ansvar for vatn, avløp og renovasjon og var med på fleire spennande utbyggingar. Her hadde han slekt, faren sine 3 halv-søskjen, og han brukte naturen bl.a. på elgjakt. Etter Kirkenes var Arne Gunnar teknisk sjef i Alstahaug kommune i 10 år, og familien bygde seg hus i Sandnessjøen i 1985. I 1992-93 tok han tilleggsutdanning i offentleg administrasjon og leing ved Høgskulen i Nord-Trøndelag. Siste 5 åra i Alstahaug var han kontorsjef/ass. rådmann. I 1997 vart han så rådmann i Hareid, trappa ned og vart økonomisjef i 2004, men tok på seg rådmannjobben igjen i 2005. Jobben som rådmann fortalte han er krevjande og utfordrande, men aldri kjedeleg. I tida som rådmann i Hareid har han m.a. hatt utbygging av sjukeheimen, skuelutbyggingar for 100 mill. kr., skifta vassleidningar og fått ny vassforsyning til Brandal, no er det bustad- og næringsstomter som står føre. I 2010 går han av som rådmann, men skal halde fram som seniorrådgivar 2 dagar for veka.

I 1975 gifte han seg med Aud H. Solås, og dei fekk 4 born: Evelyn (1976), Kennet (1977), Aleksander (1985) og Linda (1987). I 1990 vart han skild frå Aud, og frå 1995 har han vore sambuar med Paula Johannesen.

## Måndag 8. februar 2010.

Møtet starta med "Vel møtt" frå presidenten og songen "Blant alle lande".

Foredraget denne dagen var ved Sverre Bjåstad om

### "The Rotary Foundation", TRF.

Arch Klumph oppretta eit fond i 1917 med formål: å hjelpe Rotary å gjere noko godt i verda i form av humanitære-, utdanning- og andre service-tiltak.

Dette var frøet til Rotary sitt flaggskip: The Rotary Foundation (TRF). Men utviklinga og innsamlinga gjekk tregt. Først ved Paul Harris død i 1947 kom det oppsving i fondet, og i 1957 vart Paul Harris Fellow (PHF) utmerkinga lansert.

TRF arbeider for å fjerne fattigdom, å ta vare på miljøet, å sikre alle mat, helsestell og utdanning og for verdsfred og verdsforståing. Via Rotary Foundation samlar ein inn pengar og bruker pengar på Rotary Foundation-programma via SHARE etter initiativ frå Rotarianarar i klubbar verda rundt.

SHARE fører bidraga til Rotary Foundation m.a. til World Peace-stipend, Matching Grants prosjekt, Group Study Exchanges og lokale prosjekt.

Av distriktet sitt bidrag går 50 % til **World Fund** og 50 % til **District Designated Fund** (DDF). Tildeling av midlar frå DDF vert gjort av distriktet. Tildeling av midlar frå World Fund vert gjort av TRF. Prosjektinitiativa kjem frå distrikt og klubbar.

Humanitære program er: Polio Plus, Matching Grants, District Simplified Grants, 3H (Health, Hunger and Humanity) Grants.

Matcing Grants blir brukt for å hjelpe Rotary-klubbar og distrikt til å gjennomføre humanitære prosjekt saman med Rotarianarar i andre land. Hareid Rotary hadde for få år sidan eit Matchig Grant-prosjekt der vi hjalp til med datamaskiner tile in skule på Sri Lanka.

Det er også utdanningsprogram: Ambassadorial Scholarships, Group Study Exchange og Rotary Centers.

### Framtidsvisjon: Ein ny bevilgningsstruktur i Rotary Foundation

Rotary er ein organisasjon i stadig utvikling, og for å møte morgondagen sine utfordringar er det laga forslag til framtidig utforming av store deler av Rotaryfondet - The Rotary Foundation.

Hensikta med planen for Rotary Foundation Future Vision er fleire:

- Forenkle Rotary Foundation sine program og prosessar.
- Fokusere Rotary-tiltak slik at dei har størst verknad.
- Tilby program som hjelper til å nå både globale og lokale mål.
- Auke eigarskapet av prosjekta på distrikts- og klubbnivå ved å overføre meir beslutningsmynde til distrikta.
- Oppnå større forståing for Rotary Foundation si verksemd, og styrke Rotary sitt omdøme.

Målet er at kvar rotarianar skal gi 60\$ for året, Hareid gir no 50\$ pr. medlem.

Paul Harris er ei anerkjeningkvar enkelt klubb kan gi til medlemmer som har utmerka seg. Hareid Rotaryklubb har til no delt ut Paul Harris til 7 medlemmer:

Guttorm Hareide, Peder Måseide, Ivar Grimstad, Einar Holm, Johan H. Grimstad, Solbjørg Pilskog, Arne Holstad og Johs J. Hareide.

Takk til Sverre for eit interessant og informativt foredrag!

---

Oddvar Haugen opplyste at han hadde mottatt eit brev til Hareid Rotary frå Otto Holstad der han stilte seg svært kritisk til John Stennes (som Rotaryanar og komande guvener) sin måte å ytre seg til media i Hennum-saka. Otto sitt utspel vart støtta av både styret og andre medlemmer.

---

John Stennes informerte så om eit skriv frå Rotary International om reorganisering av distrikta 2270, 2280 og 2300 fordi desse distrikta har for få medlemmer. Dette gjer at det vil verte innført nye distriktsinndelingar frå 01.07.2011.

Omorganiseringa berører følgjande distrikt:

Distrikt 2300 Hedmark og Oppland ca 1200 medlemmer

Distrikt 2280 Midt-Norge ca 1950 medlemmer

Distrikt 2270 Nord-Norge ca 900 medlemmer .

Omorganiseringa skjer ved at Distrikt 2280 blir delt i 2 og at AG-område Søre Sunnmøre, Nordre Sunnmøre og Romsdal med sine ca 834 medlemmer går til Distrikt 2300. Det samme skjer med eit Rotaryområde i Wärmland, Sverige. Dette nye distriktet får betegnelsen Distrikt 2305, og vil få eit medlemstall på ca 2400 medlemmer. Distriktet vårt strekkjer seg i dag nordover, men vil etter kvart verte endra til å strekke seg austover.

Dei resterande AG-områda i D2280: Nordmøre, Sør-Trøndelag, Trondheim og Nord-Trøndelag med sine ca 1120 medlemmer, blir slått saman med heile distrikt 2270 Nord-Norge. Dette nye distriktet får betegnelsen Distrikt 2275, og vil få eit medlemstall på ca 2000 medlemmer.

Felles for alle noverande distrikta er at dei har valt guvernørar for åra 2011/12, og 2012/13, basert på noverande struktur. Desse vala må difor nullstillast og prosessen med nominering og val av guvernør må gjentakast, men koordinert innanfor dei framtidige distrikta.

## **Måndag 15. februar 2010.**

På dette møtet heldt Einar Heimdal eit svært interessant foredrag om

## **Søre Sunnmøre Reinhaldsverk.**

SSR vart oppstarta i 1980 som eit interkommunalt selskap for kommunene Hareid, Herøy og Ulsteinvik. Frå 1981-1990 leverte Sauneset Forbrenningsanlegg fjernvarme til Ulstein Hotell, UVS, Ulsteinhallen og Telehuset i Saunesmarka.

I 1994 vart grovavfallsplassen laga til, og var i drift til 2009. Det vart betalt inn til saman 32 mill. kr. I slutthandsamingsavgift. I 1992 vart det bygd omlastingsanlegg, og bosset vart sendt vidare til Ålesund. Frå 1995 kom Sande kommune med I 1995 vart administrasjonsbygget oppført, og i 1996 sorteringshall. Frå 1999 starta ein også med slamtøming.

I 1986 starta ein med plastsekkar, i 2007 kom dunkane. I den samanheng vart det vedtatt veging av bosset frå 2008 for alle medlemskommunene unntatt Hareid, frå 01.01.09 kom også Hareid med. Frå 2009 er næringsdelen outsourca. Slamsuging og transport er det andre selskap som utfører, andre tenester kan også bli outsourca.

SSR er Norges teknologisk mest avanserte avfallsselskap. Dette medfører også ein del trøbbel, som sensorfeil, feil på programvare og brukarfeil. Det blir utskrive ca 30.000 fakturaer kvart år.

Utfordringane er fleire. Miljømessig er det tjuvkasting i naturen, nedgraving/brenning av avfall, matavfall etc. i papirdunken. Politisk vart veging av bosset ei kampsak. Abonentane klagar på feil veging, og har boss i andre sine dunkar. Fordelane med veging av bosset er m.a. at det gir rettferdig prising, auka kjeldesortering og meir forutsigbar avfallsmengde. Folk venjer seg til det, og det kjem nok til å halde fram.

Når det gjeld kjeldesortering hadde Heimdal mange innspel, m.a.:

Plast skal i grønedunken.

Bøker, julepapir og tørkepapir skal i grønedunken.

Drikkekartongar skal i blådunken.

Plastemballasje skal vere rein og tørr.

I glasdunken skal IKKJE: drikkeglas, krystall, lypærer, vindauger, porselen/kreamikk, eldfaste former.

Nyesorten av lypærer er miljøavfall.

Levering av spesielle avfallstyper kan ein avtale med Retura i Ulsteinvik.

## **Måndag 22. februar 2010.**

Dette var siste måndag i månaden med kaffi og svele og programfritt.

I president Oddvar Haugen sitt fråver leia Johan Ole Brandal møtet, som vart opna med songen ”Dei vil alltid klaga og kyta”.

Johan Ole informerte først om brevet frå Rotary International om reorganisering av distrikta, sjå referat frå møtet 08.02. Han informerte også om det som har skjedd etter brevet frå Otto Holstad som også er informert om i ovannemnde referat. Styret i Hareid Rotary vedtok først å ikkje nominere John Stennes på nytt til guvernør i 2011/2012, men etter ein del mailar og møteverksemd fann styret at dei ønskte at dette skulle diskuterast på medlemsmøte.

John Stennes fikk først ordet og sa at det viktige for han er klubben sitt beste, og ba om orsaking viss han har såra nokon. Det vart så ein open og god debatt der mange tok ordet.

Det er styret som skal nominere, men styret ba om medlemmane si meining på førehand. Etter avrøysting vart det eit klart fleirtal blant medlemmane om å nominere John Stennes til guvernør for 2011/2012, og styret tok dette til vitande og vil ta avgjerda.